



Dette er ein av to aktuelle punkt for boring etter grunnvatn ved Vonheim.

Det er innan fristen 12. mars søkt midlar frå Sparebank 1- stiftinga Kvinnherad for 30 mill. kr. Talet søkjarar på sju år er tredobla. Snittet på tildelte gåver har auka frå 120.000,- til 180.000,- pr. søkjar. Disponerte midlar på 7,5 mill. kr i år rekk til 25 % av søknadsmassen. Styret for forsamlingshuset Vonheim har søkt om støtte til innlagt vatn og nytt toalett- og sanitæranlegg.

Det har lenge vore usikkert med brukande vatn til Vonheim. No vil styret retta på dette med å prøva brønnboring. Det er henta inn pristilbod og det føreligg to alternative boreplassar. Med å henta grunnvatn på 120 meter djupne vil ein sikra Vonheim nok vatn til kjøkken- og sanitæranlegg. Ei pumpe i boreholet vil gje god forsyning. Trykket vert justert med trykkbank.

Styret vil få installert to toalett og vask i nytt rom. Rommet vert plata og isolert. Det vert lagt varmekablar i golvet. Eldre elektrisk anlegg oppe i salen vert fornya etter dagens krav.



Primus motor for reoveringa av Vonheim med vatn og nytt sanitæranlegg er Tore Mathisen og Tor Ove Haugland.

Total kostnad er rekna til kr. 450.000,- I finansieringsplanen er det lagt inn dugnad, eigeninnsats og bruk av egne midlar. Kvinnherad kommune har skrive tilrådingsbrev ettersom skulemuseet ikkje har toalett og må såleis bruka fasilitetane i Vonheim.

Dersom det vert løyvd midlar frå Sparebank 1- stiftinga Kvinnherad, vil arbeidet ta til alt i mai/juni og er venta å vera ferdig til julefesten i år. Prosjektansvarleg er Tore Mathisen. Tor Ove Haugland er kasserar og ansvarleg for den praktiske gjennomføringa. Leiar i styret for Vonheim er Tone Huse Kristoffersen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal